

Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/18	049	30.08.2018	18.09.2018	IBM

27

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE


Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 21.06.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 21.06.2018.


Jostein Støylen
Dagleg leiar


Ida Birgitte Marholm
Konsulent

M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL: Kontrollutvalet
DATO: 21. juni 2018
TID: kl. 08.00 – 09.00
STAD: Vågsøy rådhus, Einevarden

DELTAKANDE I MØTET:

Kontrollutvalet: Randi Husevåg, nestleiar
 Olav Gjesdal, medlem
 Klaus Iversen, medlem
 Ingolf Bergh, varamedlem

Vest kontroll: Jostein Støylen, dagleg leiar

Kommunerevisjonen i Nordfjord:

Vågsøy kommune: Kristin Maurstad, ordførar. I sak 24
 Knut Over Leite, rådmann. I sak 24

Fråfall: Jostein Mykland, medlem
 Olav Gjesdal, medlem
 Vara skulle møte, men vart akutt sjuk og melde fråfall i dag.

Møtet var leia av: Inger Grethe Dalehamn, leiar

SAKLISTE

- SAK 21/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 22/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 23/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 24/18 ORIENTERING VED ORDFØRAREN
- SAK 25/18 KONTROLL AV RAMMEAVTALE OM HELSEVIKARAR – RAPPORT

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/18	033	08.06.2018	21.06.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 24 vart teken etter sak 21.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Randi Husevåg.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/18	049	08.06.2018	21.06.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 02.05.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 02.05.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/18	033&58	11.06.2018	21.06.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Møteprotokollar til gjennomgang

- Kommunestyret 31.05 14.06
- Formannskapet 14.05 31.05 07.06
- Helse- og omsorgsutvalet 15.05 05.06
- Oppvekst- og kulturutvalet 07.05 16.05 05.06
- Råd for funksjonshemma 13.06
- Eldrerådet 08.05 12.06
- Ungdomsrådet 09.05
- Viltneemd 13.06
- Administrasjonsutval 06.06

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/18	047	11.06.2018	21.06.2018	IBM

ORIENTERING VED ORDFØRAREN

Samrøystes vedtak

Orienteringa frå ordførar og rådmann vert teken til vitende.

Vedlegg

Kontrollutvalssak 13/18 med vedlegg

Brev frå Sindre Langlo vedkomande akvakulturområde Silda

Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 13/18 slikt vedtak:

Kontrollutvalet viser til kommunestyresak 13/18 og ber ordføraren kome i neste møte for å gi opplysningar om saka slik den står i dag.

Då ordføraren hadde ikkje høve til å møte i førre møte vert orienteringa i dette møtet.

Ordføraren vil også orientere om akvakulturområde ved Silda.

I møtet

Ordførar og rådmann orienterte og svarta på spørsmål.

Symjebasseng:

Det ordførar gjorde var å følgje opp eit kommunestyrevedtak.

Akvakulturområde ved Silda:

Det er andre organ (Fylkesmann og Departement) som behandlar/avgjer i denne saka. Ein har tiltru til at dei som behandlar saka legg til grunn korrekte opplysningar.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/18	217	11.06.2018	21.06.2018	IBM

KONTROLL AV RAMMEAFTALE OM HELSEVIKARAR – RAPPORT

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

Vedlegg

1. Saksprotokoll – kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune
2. Saksframlegg – kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune
3. Dokument og juridisk vurdering av Rammeavtale om helsevikarar for 12 kommunar
4. Svar frå fylkesrådmannen
5. Utdrag av notat frå advokat Kjetil Kvammen

6. Status i kommunane på rammeavtale om helsevikarar

Saksopplysningar

Sekretariatet viser til kontrollutvalssak 08/18 der utvalet vedtok spørsmål til rådmannen etter initiativ frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vedlagt er aktuelt sakstilfang frå Sogn og Fjordane fylkeskommune som summerer opp deira arbeid med saka:

- Protokoll frå kontrollutvalet
- Saksframlegg til kontrollutvalet
- E-post frå kontrollutvalsleiar Frank Willy Djuvik med informasjon om vedlegga
- Utdrag av notat frå advokat Kjetil Kvammen
- Notat frå fylkesrådmannen
- Oppsummering av svar på spørsmåla til rådmennene i 11 av dei 12 aktuelle kommunane

Konklusjon i notat frå advokat Kjetil Kvammen:

5. Konklusjon

Etter mi vurdering har fylkeskommunen i tilstrekkeleg grad lagt til rette for at regelverket mot sosial dumping kan handhevast gjennom dei aktuelle avtalane som er inngått når det gjeld kjøp av helsevikartenester.

Det må vurderast som ein mangel at konkurransegrunnlaget ikkje stiller krav til opplysningar som kan nyttast til å vurdere korleis dei aktuelle tilbydarane i praksis har fungert hjå andre oppdragsgjevarar i marknaden for slike tenester.

Ansvarsfordelinga mellom innkjøpssentralen og den enkelte kommune er også greia ut i notatet:

Oppdragsgivarar (i dette tilfelle kommunane) som anskaffar varer og tenester frå eller gjennom innkjøpssentralar, vert no i motsetnad til tidlegare, rekna for å ha overhalde anskaffingsregelverket, utan omsyn til om innkjøpssentralen har overhalde dette ved sitt innkjøp. Det heiter i FOA § 7-8(2):

«Dersom oppdragsgiveren anskaffer ytelser fra eller gjennom en innkjøpssentral, anses han å ha overholdt forskriften. Oppdragsgiveren er likevel ansvarlig for å overholde reglene for de delene av anskaffelsen som han selv gjennomfører, inkludert når han inngår kontrakter under innkjøpssentralens rammeavtale...».

Etter FOA § 7-8 (2) er oppdragsgivaren (den enkelte kommune) difor ansvarleg for å overhalde reglane for dei delane av anskaffinga som kommunen sjølv gjennomfører, inkludert når kommunen inngår kontrakter under rammeavtale som innkjøpssentralen har tinga fram.

Når det gjeld organisering av samarbeidet er oppfølginga av avtalane delt mellom deltakande kommuner og fylkeskommunen v/SFFI som har oppfølgingsansvaret på «overordna nivå». **Brukargruppa** for det aktuelle innkjøpssamarbeidet har i denne konkrete anskaffinga etter det opplyste lagt vekt på å utforme konkurransegrunnlaget slik at ein gjennom avtaleverket m.a. kan handheve kravet til sikring mot sosial dumping.

Møtet slutt.

Inger Grethe Dalehamn
Leiar

Randi Husevåg
Nestleiar

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret

Kommunerevisjonen i Nordfjord

Rådmann til orientering

Ordfører til orientering